



Kjartan Tofing
Vabøvegen 217
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1679 - 20/7511

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
11.02.2020

Ferdigattest - gbnr 102/20 Vabø

Administrativt vedtak. Saknr: 165/20

Tiltakshavar: Kjartan Tofing
Ansvarleg sækjar: Murmester Jon A. Nygård AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for rehabilitering av murpipe på einebustad, eigedom gbnr 102/20.

Ansvarleg sækjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 21.01.2020. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.02.2020.

Skildring

Adresse:	Vabøvegen 217
Bygningstiltak:	Einebustad
Bygningsnummer:	12499485
Tal på røykløp:	1

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/1679

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kjartan Toffing	Vabøvegen 5955	LINDÅS
	217	
Murm Jon A Nygård AS	Steinestøvegen 5131	NYBORG
	232	